

## Framlegg til løysing på omsetting 4

Det kan godt finnast fleire akseptable alternativ. Spør gjerne lærarane om det er noko du lurar på!

### Kald krig, rase og kjønn

Spionromanen treng fornying, og Lauren Wilkinson gjer jobben med *American Spy*.

Det er 1992, og Marie Mitchell vaknar i huset sitt av nokre (nokon) uvelkomne lydar (ljodar). Ho innsjer raskt at nokon har brote seg inn. Med dei fire år gamle tvillingane sine i huset klarar (klarar) ho å utmanøvrere (utmanøvrera) inntrengjaren (inntrengaren). Mitchell er agent på rømmen. Resten av Lauren Wilsons *American Spy* er skriven som eit brev til dei to barna (borna) hennar, der ho forklarar (forklarer) kven ho er, og kor (kvar) dei kjem frå. I tilfelle neste snikmordar skulle lykkast (lykkast).

Den korte romanen, i alle fall (ialfall) til spionroman å vere (vera), hoppar fram og tilbake mellom oppveksten (oppvoksteren) til (åt) Marie på 60-talet, karrieren i FBI på 80-talet og «notida» («nåtida») då (da) ho etter attentatet har flykta heim til mora på Martinique. Som svart, kvinneleg agent i FBI i 1982 blir (vert) ho handplukka til spesielle oppdrag, men strittar alltid imot. Ho veit at ho blir (vert) brukt (bruka) som ei brikke i spelet til (åt) konservative kvite menn.

Historiene om svarte FBI-agentar som blei (vart) brukte (brukt, bruka) av J. Edgar Hoover for å infiltrere (infiltrera) borgarrettsrørsla på 50-talet, kling alltid høgt i bakhovudet hennar. Likevel lèt (lar) ho seg rekruttere (rekruttera) av CIA for å nærme (nærma) seg den nye leiarskikkelsen i Burkina Faso, Thomas Sankara, som byrået helst vil erstatte (erstatta) med ein mindre kommunistvennleg (-venleg) statsleiar.

**Commented [TK1]:** Heller slik enn sine fire år gamle tvillingar.

**Commented [TK2]:** Eller *American Spy* av Lauren Wilkinson.  
Alternativt *Lauren Wilkinson sin American Spy*.

**Commented [TK3]:** Heller slik enn hennar to barn (born).

**Commented [TK4]:** Merk at ein ikkje brukar kor eller kvar til å innleie relativsetning; det skal vere der. Her kan ein bruke der på bokmål og.

**Commented [TK5]:** Her kan ein ikkje bruke der på bokmål, og det gjer ein heller ikkje på nynorsk.

**Commented [TK6]:** Eller fram og attende, men vel så gjerne att og fram.

**Commented [TK7]:** Heller slik enn Maries oppvekst (oppvokster) eller eventuelt Marie sin oppvekst (oppvokster).

**Commented [TK8]:** Eit alternativ er flydd (flytt) av verbet fly 'rømme'.

**Commented [TK9]:** Eit alternativ er stretar.

**Commented [TK10]:** Heller slik enn konservative kvite menns spel eller eventuelt konservative kvite menn sitt spel.

**Commented [TK11]:** Rettighet heiter kort og godt rett.

**Commented [TK12]:** I staden for bevegelse nyttar ein gjerne rørsla.

**Commented [TK13]:** Eller på ho (henne).

**Commented [TK14]:** Heller slik enn Burkina Fasos nye leiarskikkelse eller eventuelt Burkina Faso sin nye leiarskikkelse.

**Commented [TK15]:** Eventuelt skifte (skifta) ut eller liknande.

Marie Mitchell får ei hovudrolle i den kalde krigen samtidig som Lauren Wilkinson lågmælt og mystisk brettar ut det indre livet hennar.

**Commented [TK16]:** Eller samstundes.

**Commented [TK17]:** Heller slik enn hennar indre liv.

*American Spy* kan lesast som ein finurleg og tett spionroman, men samtidig er det ei sterk forteljing om rase, kjønn og politiarbeid. Eit tema som er (har) blitt (vorte) ekstra aktuelt no (nå), eitt år etter at boka blei (vart) gitt (gjeven) ut.

**Commented [TK18]:** Eller samstundes.

Akkurat som Jason Overstreets serie om Sidney Temple, som tek (tar) for seg perioden (då) da J. Edgar Hoover rekrutterte svarte FBI-agentar, ser Lauren Wilkinson på dei klassiske institusjonane FBI og CIA med eit friskt blikk. Desse tydeleg politiske under- og overtonane distraherer aldri historia, heller tvert om: Det gjer *American Spy* til ei unik spionforteljing frå den kalde krigen, og det var ikkje utan grunn at Barack Obama inkluderte boka på lista si over største lesaropplevingar i 2019.

**Commented [TK19]:** Eller Jason Overstreet sin serie, eventuelt serien av (til, åt) Jason Overstreet.

**Commented [TK20]:** Heller slik enn si liste.